

opp mellom to store steinar, med at ho gjekk på masdra, og der stod ho heile vinteren.

Vidare er dette fortalt om berginga av Betty Mouat:

Han far fekk tak i klyveren og så hengsla han seg opp på klyverbommen. På nokon annan måte var det ikkje råd å kome om bord. Kvinnfolket var i dårleg forfatning. Så fann han ei trosse som han Paul bela kring ein stor stein, og han far bela om bord på skuta på eit gangespel som var fram på bakken. Og dette der fekk han bør med. Så tok han dette kvinnfolket og laga ei stropp og skulle fire ho oppover tauet med . . .

Det går vidare fram at Betty virka motvilleg til å vere med på denne aksjonen og kneip seg fast. «Men han Paul stod på, så ho måtte gi tapt». Betty vart våt, så ho måtte få turre kle, heiter det vidare. «Ein rende heim etter kvinnfolka, og ein var att, men då kom heile mannskapet. Han Bernt hadde teke med seg ei halvflaske med rom, og av denne slo han i ein dram åt henne . . . Så var det å bere ho heim, og der vart ho i 8 dagar».

Det går vidare fram av omtalen at lensmannen kom inn i biletet og registrerte alt om bord. Eit reserve storsegls i lasterommet vart brukt som telt over varene på land etter som varene skulle auksjonerast.

Han far ville vere på land den dagen. For han far, og han farbror som var ute på Lausund, lurte på å kjøpe ho. Men så sa han Bernt det at «viss de held dykk på land, held eg dykk ansvarleg for fangsten». Han far hadde ikkje noko anna å gjøre, og så barst det på sjøen for at dei ikkje skulle tape nokon fiskedag.

Columbine, som angiveleg hadde to par segl og bygd av eik, «og berre lite grand gnaga på dei store steinane», vart angiveleg seld for 400 kroner, seiest det vidare. Ho vart reparert og dreiv fiske «med tre båtar». «Ho vart først tilrigga som lystsigrar, ser du, sidan det han (Jøhrn) kjøpte ho. Så dreiv ho fiske sidan. Og ein gong såg eg ho oppe i Lofoten».

Så dette til slutt om skuta som lystsigrar:

Så var eg og far oppe i Hesta og skulle ha ned vinterved. Då såg han far det var denne Columbine. Eg kjende ho ikkje då.

Så rende me no ned, tok færingen ut, og dei tok oss om bord. Og me fekk no vere om bord å sjå korleis det var. Det var fine greier, ja.

5. Ole Nesset

Om Ole Nesset, eller Ola i Bukt'n hadde Romsdal Budstikke eit oppset med fotografi av denne redningsmannen i 1974. Bia Lange på Lepsøy — med røter inn over til Romsdalen — hadde teke vare på dette utklippet og gjort HKL sine folk merksam på det.



Ole Nesset på sine gamle dagar i full mundur. Fotografiet er truleg det einaste som finst av denne redningsmannen. Det er utlånt av fru Marie Bugge, Buggestranda.

Kven var så denne Ole Nesset? spør journalisten.

Ein typisk bygdeoriginal, seier folk, utan å legge noko negativt i dette. Etter at han vart vaksen, flytta frå husmannsplassen nede ved sjøen på Nesset prestegard og bygde si eiga hytte i Eidsvågen, levde han mesteparten av sitt liv for seg sjølv. Heilt til det siste, då han flytta på Nesset Aldersheim der han døydde, levde han seg med jakt og fiske.

Ein stor fiskar, seier folk, av det gode gamle slaget, som alle hadde respekt for. Der Ola i Bukl'n låg med robåten sin, var det alltid fisk.

Nei, han Ola var ein underleg skrue, ter folk. Hadde alltid ei historie på lur, mén trur du han ville fortelje det han sjølv hadde vore med på? Nei, han ville aldri framheve seg sjølv. Derfor er det også svært få som veit om at Ola i Bukl'n hadde fått tildelt medalje frå Dronning Victoria i London for framifrå redningsinnsats.

Frå bygdebokforfattar Ottar Roaldset i Tingvoll (som skreiv Nesset bygdebok) kom det sending med litt fleire opplysningar. I boka står m. a. dette side 450:

Ole, f. 1860. Det blir fortalt at Ole hadde gode evner. Ja, dei skulle vere uvanleg gode, men han kunne ikkje lese og skrive. Mora las føre slik at han kunne fortelje leksa på skulen, og læraren trudde han kunne lesa.

I yngre år var Ole mykje på kyst- og havfiske. I 1883 [1886] var han med på ein bergingsdåd på Sunnmørskysten, og for den fekk han ei gylt medalje frå den engelske dronninga. . . Båten som Ole var ombord i, kom til å berge både skipet og henne [Betty Mouat] som var ombord.

Vidare fortel Roaldset at Ole hadde «ei tordenrøyst, som hørdest over alt». Han kunne synge «Moldeviså med alle versa». «Ola var ikkje lite overtruisk», fortel forfattaren vidare. Dette utnytta enkelte ungdomar etter som han budde mykje i ei hytte åleine på fjellet. Til slutt vart det aldersheimen på Nesset til han døydde i 1947.

Den 15. februar 1986 hadde avisa *Driva* eit heilsides oppsett om Ole Nesset som var med og bera Betty Mouat for hundre år sidan. Det var Bjørn Austigard,

Molde, som gjorde HKL merksam på artikkelen.

Austigard hadde og funne ut at nokon i Haram hadde meldt frå til Romsdals Budstikke i Molde om strandinga «på Rønstad» alt den 8. februar 1886. Avisa prenta dette fem dagar seinare og fortel at «formedelst den sterke Søgang var det med stort Besvær, at Gaardens Opsiddere, der kun ved et Tilfælde fik se Forliset, fik Kvinden iland».

Den 17. februar skreiv avisa meir presist om årsaka til at Betty var att åleine om bord og fortel at dei to matrosane låra lettbaaten for å berge skipperen som var slått over bord «etter at Skiber var dreiet til».

Det er Marie Bugge på Buggestranda som har teke vare på medaljen etter Ole Nesset. Ho har vist stor samarbeidsvilje og interesse for denne saka. Far hennar var i si tid mykje saman med Ole, som såleis fekk eit nært forhold til hans hus.

6. Bertinius Hansen Knarvik

I utgangspunktet var det alt anna ein lett å finne ut noko om denne bergingsmannen. Knarviknamnet var i alle fall ikkje å finne i nærmeste omkrins. Men telefonkatalogen avdekkja eit par menn i Ørsta med det namn. Bygdebokredaktør Terje Aarset der fann ut at dei hadde inga tilknytning til berginga i si tid, og meinte at namnet fanst både i Tustna og ved Bergen. Televerket kunne fortelje at namnet fanst og i Gulen og nokre andre stader.

Ottar Roaldset hadde ikkje registrert nokon Bertinius Knarvik i Tustna. HKL såg seg difor nøydd til å peile seg inn på folk med dette namnet i Lindås. Dette førde til kontakt med Jørgen Knarvik i Lakseyåg. Han kjende folk i Knarvikbygda som han namingav. Sparebanken Vest formidla telefonkontakt vidare til Bjarne H. Knarvik.

«Medaljen er her, den!» var det kontante svaret me fekk over telefonen. — «Bertinius var min bestefar, det. Eg har hørt litt om denne redningsdåden», kom det vidare. «Eg skal snakke nærare med far min om dette. Det er han som har medaljen liggande».

Seinare fekk ein greie på at far til